



# KYRKJEBLADE

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

25. Årg.

Juni 1971

Nr. 5

*Salmesong og orgeltonar syng seg mjukt  
i hugen inn.*

*Lyse draumar, lengsler, voner,  
speglar seg i unge sinn.*

*Sorglaust sprang du kring i heimen,  
no er barnetida slutt.*

*Livet møter med sitt alvor,  
mor si jente, far sin gut.*

*Korleis skal den unge halda stigen rein  
på livsens ferd?*

*Jau, når Ordet klårt får lysa,  
alltid den mot Himlen ber.*

*Rike, varme, gode minne har du frå di barnetid.  
Vakre tonar fekk du høyra,  
sus frå elv, og song i lid.*

### Til konfir- manten

*Ofte var det leik og gaman i dei glade barneår,  
når du var med sysken saman.*

*Slik ei tid du aldri får!*

*Kyrkja, heim og skule gav deg grunn voll du må  
byggja på.*

*Kjære ungdom, lev i Ordet,  
og du skal Guds signing få!*

P. S.

## Eit samfund av dei heilage

Kjære Ven,

«Eit samfund av dei heilage», er noko du ikkje har tenkt på, seier du. Du trur ikkje det eksisterar noko slike, i alle fall ikkje no lenger. Og desse som kallar seg kristne, er i alle fall ikkje heilage, det er du viiss på.

Vel, eg forstår deg so godt, men høyr her. Det kan henda den gamle boka som endå fint i dei fleste heimar, også har noko å seia oss om dette:

Det står mykje om «heilag» i Bibelen. Og ordet er brukti i ulike tydingar. Når det står at Gud er heilag, so tyder det at han er rein og syndefri. Like eins når det står om Herren Jesus.

Men når same ordet vert bruka om kar og reidskap, so tyder det sjølv sagt ikkje at desse er syndefrie, men det tyder at dei er innvigde til den heilage Gud, og dei er skilde ut til bruk for Gud. Når dette ordet er brukt om mennesker, tyder det at desse trur på den heilage Gud, dei har skilt lag med verda, og vil bli brukt av Gud.

Bibelen lærer at alle truande høyrer saman som gruinene på vintreet, som ein lekam og lemene. På vegn til Gjetsemane bad Jesus so inderleg for samfundet av dei truande på jord, at dei må vera fullkommen eitt, og at kjærleiken må vera brennande millom dei truande. For når det skjer, vil verda sjå at Jesus er sent av Gud, dei truande vil stå fast i si tru, og Guds rike vil veksa på jord.

Mange sauar gjekk vill og vart borte då dei skilde lag med dei andre, — og mang ei varm glo vart kald og svart då ho vart liggjande åleine, riven bort

frå dei andre. På same måten vart mange som trudde, borte frå Gud då dei skilde lag med dei truande i bygda. Og so ofte har det hent at ein varmhjarta truande vart lunka og kald då han skilde lag med dei andre. Dei vart borte frå Gud då dei skilde lag med samfundet av dei heilage på jord.

Samfundet av dei heilage er samling om Guds ord og dei heilage sakrament. Søk inn der og du vil sjå at det eksisterar. Det er Guds meinung og vilje at dette samfundet skal hjelpe og verna dei av hans born som nok er i verda, — men ikkje av verda.

Velkommen då, kjære ven, til samfundet av dei heilage!

Helsing,  
Lars Bjørsvik

## Ungdom og vår

Ungdomstid, livsens vår,  
det brusar i blodet,  
bryts og brår  
som vårflaumen giv og fossar.  
Tankar vert kasta hit og dit,  
uløyste spørsmåli i hugen slit.  
Vissa lyt vika for tvilen.  
For best som du trudde  
du løysinga visste,  
kom uvissa att,  
og motet du miste.  
Men vår er grotid — knoppar sprett —  
vona vaknar glad og lett.  
Med tru og von din åker så,  
og du vil signa grøde få.

Har skrive ned desse linjene med særleng tanke på konfirmantane våre.

Helsing frå ei konfirantror.

Be, så skal de få, så gleda dykkar kan vera fullkommen.

Jesus.

## KYRKJEBLAAD FOR VAKSDAL

### PRESTEGJELD

Bladstyrar: Gudmund Skiftun, Dalekvam.  
Faste medarbeidarar: Lars Bjørsvik, Johanne B. Helle og Magne Hesjedal.

Kasserar: Steinung Sandal, 5290 Stamneshella, tlf. Stammeshella nr. 32.

Postgiro. 723 47. Bankgiro 103385/123.

Ekspd: Skaars Boktrykkeri tlf. 8 Norheimsunda

## Minnet

Det er godt at me er utstyrte med minne. Somme har svært godt minne. Dei kan fortelja og draga fram or minnet mangt og mykje. Andre klagar over därleg minne. Det skal me ikkje gjera, for me har alle med vanleg utrustning fått evne til å minnast. Men det er med minnet som med så mangt. Det må brukast og øvast opp.

Me prentar i dette nummeret to dikt med helsing til våren sine konfirmantar. På kyrkjegolvet har dei vist at dei har minne. Og det må seiast at det er verdifullt ting som då vart dregne fram. Det er vårt ynske at minnestoffet frå kristendomsoppføring og konfirmantførelsing ofte må få koma fram i tankane.

Paulus skreiv i si tid til sin unge ven og medarbeidar Timoteus: «Kom Jesus Kristus i hug, han som stod opp frå dei døde». 2. Tim. 2, 8. Guds ord er tidlaust, og oppmodinga gjeld like fullt i dag som den gongen ho var skriven. Me treng å paminna kvarandre om å koma Jesus Kristus i hug.

Ein vårveld for mange år sidan vitja eg ein gamal og sjuk mann. Det var ein vakker kveld, og me prata i lag og lytta til fuglesongen. Han var så glad fordi han enno ein gong fekk

oppleva våren, sa han. Best me prata i lag sa han: — Eg og Jesus er gode vene. Han sa det på ein måte slik at desse vakre orda tidd og ofte kjem meg i minnet. Eg såg at han vart glad då han kom med si varme vedkjenning. Han kom Jesus Kristus i hug, han som stod opp frå dei døde.

Ein gut skyssa ein gong presten med hest og stolkjerre. Det var før bilismen si tid. Dei sat attmed kvarandre i vogna og pratte lite grann. Så tok guten opp klokka si og såg etter kor langt det leid på dagen. Presten kikka og på klokka, og han såg då at det var skrive noko på talskiva. Guten syntte presten klokka si. På talskiva stod: Kom Jesus Kristus i hug. — Det er ofte slik, sa guten, — at når eg aller mest treng om å koma Jesus Kristus i hug, då er eg freista til å gjera ting som eg ikkje må gjera. Tek eg så opp klokka, vert eg berga.

Kor godt me vil få det om me ofte kjem Jesus Kristus i hug, han som stod opp frå dei døde. Best ser me han når me bed til han. Då stråler han fram i minnet. I domkyrkja i København står på alteret det kjende Kristusmonumentet av Thorvaldsen. Ein tilreisande ferdemann spurde kyrkjetenaren kvar ein skulle stå for å få det beste inntrykket av kunstverket. — Du ser det best når du bøyer kne ved altarringen, var svaret.

Me kjem Jesus Kristus best i hug når me flokkar oss kring altarringen og tek imot Jesu lekam og blod til forlating for syndene. G. Skiftun.

Har sorg og vonbrot drive deg til å be, så driv bøna til vederlag bort sorga.

Melancthon.

## Sveinung Sandal flytter austover

Lærar Sveinung Sandal og huslyd flytter frå Stamnes til Skjeborg i sommar. Han skal overtaka lærarstilling ved ungdomsskulen på sin nye arbeidsstad.

Med Sveinung Sandal misser kyrkjebladet ein god mann. I den tida han har vore kasserar for bladet, har bladet sin økonomi vore jamt stigande. Kyrkjebladet har hatt flinke kasserarar. Me minnest med takk Berta Skage, som i ei lang årrekkje, ja, heilt frå starten av stod som kasserar for bladet. Og me minnest og takkar Birger Olsnes for alt strev han hadde med bladet sin økonomi endå så nede. Han var med anna arbeid og ei noko veik helse.

Denne gongen lyt takka gå til den unge, vitale og aktive Sveinung Sandal. Me takkar hjarteleg for det gode arbeid han har lagt ned for kyrkjebladet. Han har fått verkeleg god orden på sakene, og dei som har streva og samla inn bladpengar har fått sin honnør i bladet.

Det er ikkje berre kyrkjebladet som har lege Sveinung Sandal på hjarta. Som formann i Stamnes sokneråd i to valbolkar har han lagt ned eit stort arbeid. Alle saker har vore grundig førebudde. Ting som stod for tur til å ordnast i kyrkjer og gravplasser har han til og med sytt for at dei vart kostnadsrekna.

Saman med kona, Lilla Sandal, har dei båe to gått aktivt inn i alt byggjande, godt arbeid i sokna. Yngresarbeidet har lege dei sterkt på sinnen. Saman med andre unge kristne har

dei lagt ned eit stort og signerikt arbeid for ungdomen.

Kyrkjebladet takkar for seg, men tek med heile Stamnes sokn i ei hjarteleg takk til lærarparet Lilla og Sveinung Sandal for deira utrøytande arbeid i skulen og utanom skulen til beste for oss alle.

## Eksingedalen kyrkje

Nils A. Flatekval har slutta som gravar ved Eksingedalen kyrkje, Ottar Flatekvel og Rune Nesheim har teke på seg gravararbeidet.

På siste soknerådsmøtte vart det gjort vedtak om at kyrkja må få nye utgangsdører og nye smijernsdører inn til kyrkjestaden. Kommuneingeniør Leiro har lova at arbeidet skal verta gjort slik soknerådet bed om det.

I veka etter Helgetorsdag vart det i Eksingedalen kyrkje sett to vakkre tinnvasar på altaret med innskrift: Eksingedalen kyrkje 1971. Då soknerådet ikkje veit kven gjevaren er, vil det her i bladet få bera fram ei hjarteleg takk for gāva.

## Påske!eiren på Ekse

Det var i år 9. gang på rad at Laksevåg kr. Ungdomsforening arrangerer påskeleir i skolehuset på Ekse, og vi vil alle på denne måte få takke bygdas folk for at vi i alle disse årene har fått anledning til å feire påske på fjellet sammen med Jesus Kristus. Påskens evangelium har alltid vært det samme i disse årene, likevel alltid like nytt og aktuelt, og hver gang får nye-øyne se Ham som led korsets død for vår skyld.

Margith Johnsen.

## God lærdom

Alt eg har lært på kunsten sitt område, alt eg har skrive og tenkt, det eg har utretta i livet, kjem ganske enkelt av at då eg var barn, les mor mi dagleg eit stykke frå Bibelen for meg, og eg laut læra det utanåt. Eg har mykje å takka mor for. Ho lærde meg tidleg å studera bibelen slik at eg skjøna heilskapen i Guds ord. Men framom alt lærde ho meg å sjå på Bibelen som norm for handlemåten min. Så snart eg hadde lært å lesa, greidde ho ut bibelvers for meg, og ho heldt fram med å undervisa meg til eg reiste heimanfrå for å studera i Oxford.

John Ruskin.

## Prostiregulering i Bjørgvin

Vaksdal over til nytt prosti.

Fra biskopen og fra departementet har sokneråda i Vaksdal fått brev om regulering av prostiet. Østerøy prosti kjem til å gå ut på grunn av at Arna og Asane går inn i Bergen. Haus og Hamre vert det gjort framlegg om skal gå inn i Nordhordland prosti. Med omsyn til Vaksdal prestegjeld stiller departementet opp to framlegg som sokneråda skal ta standpunkt til. Det eine alternativet går ut på eit prosti som spenner over 11 prestegjeld: Kvam, Vaksdal, Fusa, Samnanger, Strandebarm, Ullensvang, Odda, Røldal, Ulvik, Voss og Vossestrand. Det andre alternativet omfatar Voss, Vossestrand, Vaksdal og Ulvik.

Dei fleste sokneråd har hatt saka opp og har samråystes tilrådd sistnemnde alternativet, slik at prostiet

spenner over Vaksdal, Voss, Vossestrand og Ulvik. Før tilrådingane vert sende vidare skal prostireguleringa som sak leggjast fram i soknemøte til endeleg fråsegn.

## Innkomne bladpengar

Gjartrud Kallestad	kr. 70,—
Bjarne Thaule	» 135,—
Sveinung Sandal	» 50,—
Direkte frå tingalar	» 30,—
kr. 285,—	

Sveinung Sandal

## Kyrkjegardane

Kyrkjegardane på Vaksdal og Dale er også i år under omlegging og vøling. Karmane vert tekne vekk, og jorda vert sletta og isådd med plenfrø. Alle pårørande som har graver på dei felta som vert ordna har fått melding, og vøla har vorte kunngjort i «Bruvik». Gamle graver må festast elles ver dei utsletta.

## Bryllaupsmarsjar

Den katholske kyrkja har forbode all verdsleg bryllaupsmusikk ved brudevigslar. Ein Vatikan-kommisjon har kunngjort at dei tradisjonelle bryllaupsmarsjar av Mendelsohn — Bartholdy og Wagner ikkje lenger må spelast i kyrkjene. Kommisjonen forbaud også Gounods Ave Maria og Händels Largo.

Også i våre kyrkjer har me dei som mislikar verdsleg bryllaupsmusikk i kyrkjene. Kor mykje finare var det ikkje om brydeparet kom inn i kyrkja til koralspel.

**Kyrkjelege handlingar****DØYPTE:****DALE:**

Helge Arne Moen, fødd 15. mai 1970, døypt 8. mai.

Bjarte Helle, fødd 26. januar 1971, døypt 15. mai.

Rune Vedå, fødd 6. mars 1971, døypt 16. mai.

Dag Jone Fadnes, fødd 4. mars 1971, døypt 5. juni.

Anett Barbara Kallestad, fødd 4. januar 1917, døypt 17. april.

Siri Stamnes, fødd 5. februar 1971, døypt 1. mai.

Karin Tysse, fødd 1. februar 1971, døypt 15. mai.

Randi Takvam, fødd 4. mars 1971, døypt 16. mai.

**VAKSDAL:**

Kjersti Thomassen, fødd 15. mars 1971, døypt 9. mai 1971.

Kari Anne Tolås, fødd 25. februar 1971, døypt 9. mai 1971.

Georg André Melcher, fødd 28. mars 1971, døypt 23. mai 1971.

Ivar Eilifsen, fødd 13. april 1971, døypt 31. mai 1971.

**STAMNES:**

Jorid Onarheim, fødd 6. mai 1971, døypt 30. mai.

Cathrin Hagen, fødd 15. april 1971, døypt 6. juni.

**VIGDE:****VAKSDAL:**

Knut Gudmund Stamneshagen og Irene Margrete Moe, vigde 8. mai 1971.

**DALE:**

Gunnar Andreas Amundsen og Rita Bruvik, vigde 15. mai 1971.

Harald Lundestad og Mari Grønset, vigde i Tonsen 29. mai 1971.

**EKSINGEDELEN:**

Severin Bergo og Alis Irene Monsen, vigde 29. mai 1971.

**AVLIDNE:****DALE:**

Edvin Standal, fødd 29. desember 1921, døydde 13. mai 1971, gravlagd 22. mai.

Guri Rødland, fødd 18. juli 1908, døydde 3. april 1971, gravlagd i Bergsdalen, 10. april.

Kristbjørg Fosse, fødd 25. januar 1885, døydde 13. april 1971, gravlagd i Bergsdalen, 20. april.

Anna J. Hop, fødd 15. januar 1878, døydde 15. april 1971, gravlagd 21. april.

Ragnhild Hereid, fødd 14. oktober 1880, døydde 4. mai 1971, gravlagd 8. mai.

Gurine Kalvik, fødd 2. august 1901, døydde 27. april 1971, gravlagd 4. mai.

Ragnhild Lid, fødd 9. januar 1901, døydde 4. mai 1971, gravlagd i Bergsdalen 11. mai.

**STAMNES:**

Ole O. Grøsvik, fødd 29. juli 1888, døydde 12. mai 1971, gravlagd 19. mai.

Anna Vassenden, fødd 19. februar 1878, døydde 2. juni 1971, gravlagd 9. juni.

**EKSINGEDELEN:**

Guri Næset, fødd 7. mai 1883, døydde 26. april 1971, gravlagd på Flatekval, 30. april.

**VAKSDAL:**

Albert Johan Eriksen, fødd 10. juni 1891, døydde 10. mai 1971, gravlagd 15. mai 1971.

Oluf Mikal Amble, fødd 2. januar 1887, døydde 31. mai 1971, gravlagd 5. juni 1971.

**Eidsland Samvirkelag****EIDLSDALET****Filial: Lavik****DALE BILSERVICE**

**Johannes A. Lid & Co**

Tlf. 2193 — Dalekvam

**A. L. VATLE****DALE**

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

**Dale Blomsterhandel**

Blomster ved alle høve

Ring tlf. 2346 — Dalekvam

**Nesheim kyrkje**

Nesheim kyrkje har no fått sitt romslege sakristi med innlagt vatn, likrom i kjellaren og sanitæranlegg. Det er Åge Lavik som har utført arbeidet på anbod. Kyrkja har no fått lovnad på lysekrona som gavé frå B.K.K. I sommar er det tanken å få kyrkja måla utvendes.

**Snille folk**

Dei hadde hatt gjester på vitjing i heimen, og dagen etterpå sat kone og mann og snakka om gjestene. Om ei stund sa Vesle Per: — Mor, er det berre me som er snille?

**GUDSTENESTER****3. søndag e. treeining (27. juni):**

Bergsdalen kapell: Res.kap. Bjørsvik. Offer til Norsk Lærarakademi.

Eidslandet kapell: Sokneprest Skiftun. Offer til Israelsmisjonen.

**4. søndag e. treeining (4. juli):**

Vaksdal kyrkje: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd.

**5. søndag e. treeining (11. juli):**

Dale kyrkje: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 17.00: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd.

**6. søndag e. treeining (18. juli):**

Eksingedalen kyrkje kl. 11.00: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Nesheim kyrkje kl. 17.00: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd.

**7. søndag e. treeining (25. juli):**

Vaksdal kyrkje: Res.kap. Bjørsvik. Bergsdalen kapell kl. 17.00: Res.kap. Bjørsvik. Nattverd.

**8. søndag e. treeining (1. august):**

Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Nordhordl. Indremisjon.

Dale kyrkje kl. 19.30: Sokneprest Skiftun.

**9. søndag e. treeining (8. august):**

Eidsland kapell: Sokneprest Skiftun. Nattverd

**10. søndag e. treeining (15. august):**

Vaksdal kyrkje: Sokneprest Skiftun. Nattverd

**11. søndag e. treeining (22. august):**

Dale kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Dale Indremisjon. Nattverd.

Stamnes kyrkje kl. 17.00: Sokneprest Skiftun. Nattverd.

**12. søndag e. treeining (29. august):**

Vaksdal kyrkje: Res.kap. Bjørsvik. Nesheim kyrkje: Sokneprest Skiftun. Offer til Kirkens Nødhjelp.

**13. søndag e. treeining (5. september):**

Dale kyrkje: Res.kap. Bjørsvik. Stamnes kyrkje: Sokneprest Skiftun.

**Ekspedisjonstider ved  
våre kontor:**

<b>DALE, Tlf. 2421</b>	<b>Frå</b>	<b>Til</b>
Måndag t.o.m.		
torsdag . . . . .	8.30	15.00
Fredag . . . . .	10.00	17.30

**VAKSDAL, Tlf. 3605**

Tysdag . . . . .	9.30	16.00
Torsdag . . . . .	9.30	13.00
Fredag . . . . .	9.30	17.30

**STAMNES, Tlf. 3 a**

Laurdag . . . . .	9.00	12.00
-------------------	------	-------

**Bruvik Sparebank**

**5280 DALEKVAM, Tlf. 2421**

**Stamnes Handelslag**

**STAMNESHELLA**

**RADIOSPECIALEN A/S**

**Tlf. 2240 DALKEVAM**

**R A D I O — T V**

**Reparasjonsverkstad**

**BRUVIK HANDELSLAG**

**Ass. Landhandel og Bakeri**

**FILIAL SKAFTÅ**

**BØKER — PAPIR — BIBLAR**

**SALMEBØKER - SANGBØKER**

**EIDE & PETERSEN A/S**

**Tfn. 2258 DALEKVAM**

**Dale Handelsforening**

**Dalekvam**

**K. SEIM**

**Kolonial & Delikatesse**

**Tlf. 2323 DALEKVAM**



Dale Servicestasjon

**AGNAR VATLE**

Tlf. 2189 - 2431 -

Dalekvam

**Bensin - Dekk - Rekvisita**

**Stanghelle Handel**

**STANGHELLE**

**Vaksdal koop. Handelslag**

**V A K S D A L**

Telefon ; Kontor og manufaktur 3712, snarkjøp 3710, kjøtavd. 3711  
filial 3713

**Kjøp i Dykkar eigen forretning**